

**Fylkesordførar gir slikt svar:**

**Spørsmål:**

Kva har fylkeskommunen gjort for å følgje opp vedtaket i fylkestinget den 10.juni?

**Svar:**

Fylkeskommunen er ein av dei viktigaste høyringspartane i energisaker der NVE/OED er dei som gjer vedtak etter energilovgivinga. Erfaringsmessig legg NVE normalt stor vekt på fylkeskommunane sin uttale. Fylkeskommunen vil gje politisk uttale når søknader om vindkraft er på høyring. Fylkestinget sitt vedtak frå juni er ei viktig føring til administrasjonen når fylkesrådmannen lagar framlegg til uttale.

**Spørsmål:**

I fleire av utbyggingane er selskap der fylkeskommunen har eigarinteresser involvert. Kva er gjort, og kva vil fylkeskommunen eventuelt gjere i desse selskapa, til dømes Sogn og Fjordane Energi for å følgje opp vedtaket i fylkestinget den 10.juni?

**Svar:**

Vestland fylkeskommune har berre indirekte eigarskap i selskap som SFE, der me eig ein del av eit selskap som eig ein del av SFE. Fylkeskommunen kan ha representantar i styret i slike selskap, men det er ikkje vanleg at fylkestinget instruerer desse.

**Spørsmål:**

Kva vil fylkeskommunen gjere for å få stoppa planane som ligg føre for utbygging i kommunane Alver, Masfjorden, Modalen, Høyanger og Gulen? Her er det planar for utbygging av fleire hundre vindturbinar i område der fylkestinget har sagt at ein ikkje vil ha utbygging av vindkraft. Og utbyggingane vil vere i strid med kommunestyrevedtak.

**Svar:**

Per dags dato har ikkje VLFK fått nokon nye søknadar om vindkraftutbygging i kommunane Alver, Masfjorden, Modalen, Høyanger eller Gulen på høyring. Fylkesrådmannen vil legge fram sak om det skulle komme ein slik søknad på høyring. Regjeringa la i juni fram stortingsmeldinga om Vindkraft på land - Endringar i konsesjonsbehandlinga (Meld. St. 28 (2019-2020)). Regjeringa vil stramme inn behandlinga av vindkraftkonsesjonar og styrke den lokale og regionale forankringa. I påvente av nye reglar har regjeringa pauza handsaming av nye konsesjonar.

Det er avgjeraende at eventuell ny vindkraft har lokal forankring og dette vil vere viktig premiss også for fylkeskommunen sine fråsegn om vindkraft.